

B u r s d a g s f e i r i n g

Blir eg invitert i bursdag? Og kor mange vil kome i bursdagen min?

Dette er spørsmål borna kan ha i lang tid før bursdagen er der, og svara kan absolutt ha noko med sjølvfølelsen å gjere.

Tips til planlegging av bursdag og korleis invitasjonar + feiring av bursdagar kan gjennomførast:

Bursdagar som er inkluderande

No har vi meir enn nokon gong fokus på inkludering. Likevel veit vi det kan vere ein del born som framleis opplever utestenging, blant anna i samband med bursdagar. For å hindre at dette skjer er det viktig foreldre tenker gjennom konsekvensar, saman med borna, før dei sender ut invitasjonar eller takker ja/nei til invitasjonar.

Foreldre kan ikkje ha 100 prosent kontroll over det som skjer i skulegården, eller på skulevegen. Men noko foreldre kan styre, er kven som blir invitert til bursdagsfesten.

Skal ein invitere alle i klassen? Berre jentene/gutane? Fotballgjengen? Dersom ein let barnet bestemme sjølv, kan enkeltpersonar lett verte gløymde eller utelatt med hensikt. Som foreldre har vi eit ansvar å bidra til inkludering.

Det spelar ingen rolle kven som har bursdag....bli med å feire!

Det kan vere vanskeleg for born å forstå konsekvensane av å ekskludere andre. Dei handlar utifrå kva som er viktig for dei der og då. Kan vi foreldre stille krav til eigne born at dei stiller opp for andre, spelar det noko rolle om det er bestevennen eller andre som har bursdag?

Bli med å feire kvarandre☺

1. Dele klassen, a og b, gutar/jenter

Ta regi på bursdagsinvitasjonar, og sørg for at alle blir inkludert. Dersom de synst det vert for mykje å invitere heile klassen, kan de invitere berre gutane eller berre jentene.

2. Fellesbursdag:

Alle elevar som har bursdag frå juli- des feirar fellesbursdag (første skulehalvår), og alle elevar med bursdag frå jan – juni har ein fellesbursdag (vår/førsommar). Dei klassane som feirar slik har veldig god erfaring, her er også alle foreldre invitert og blir med!

- Følg opp invitasjonane med ein tekstmelding til foreldra, som fortel at invitasjonar er utdelt, og be alltid om tilbakemelding!
- Er det born med spesielle behov, eller andre utfordringar, kan du ta kontakt med foreldra til bornet og invitere dei med på feiringa.
- Våg å ta kontakt med andre foreldre dersom nokon blir utelatt.

Kor lenge skal foreldre ta del i bursdagsfeiringa?

Dette er eit ofte stilt spørsmål, det er frivillig og opp til kvar enkelt foreldre men anbefalinga er frå oppstart i 1. klasse til 7. klasse., i ungdomsskulen ønskjer ungdommen meir å bestemme sin bursdag sjølv noko vi som foreldre har forståing for men å vere med på planlegging og gje gode råd er alltid kjærkommet ☺